



ROGALANDS UNGDOMMEN

MELDINGSBLAD FOR BONDEUNGDOMSLAGET I
STAVANGER OG SØR-ROGALAND UNGDOMSLAG

◆ ◆ ◆ „BONDEUNGDOMSLAGET” 22 ÅRGANG ◆ ◆ ◆

Nr. 4

Juni 1939

1 årg.

Bauta for Olav Trygvason.

Forfatteren *Theodor Dahl* kom fram med tanken å reisa ein bauta for Olav Trygvason på Obrestad. Form. i Sør-Rogaland Ungdomslag, *Torkell Norheim* sa seg samd i dette i ein artikkel i «Stavangeren» for 25 mai.

Me tek han inn her.

I «Stavangeren» for 16 mai slår Theodor Dahl til ljod for å få reist ein bauta for Olav Trygvason på Obrestad, og oppmodar Sør-Rogaland Ungdomslag til å ta seg av saka.

Eg trur dette ville verta ei gild oppgåve for ungdomslaga i Sør-Rogaland. Det er vel ingen annan av kongane frå saga-tida som ruvar så høgt nettopp for dei unge som Olav Trygvason. Etter som segn og soge seier åtte han så mange av dei eigenskapane som høyrer til idealet for norsk ungdom den dag i dag.

I denne saka treng ikkje me jærbuar

gje oss til å tretta med andre bygdelag om Olav Trygvason sin fødestad. Olav Trygvason sitt namn er uløyseleg knytt til Jæren gjennom Erling Skjalgson på Sola. Han var landet sin fremste lendmann, han var i mågskap med kongen og den beste og mektigaste venen hans. Endå soga ikkje veit å fortelja at Olav vart fødd på Obrestad, så veit me at ingen med vissa kan seia at han er fødd nokon annan stad.

Og skulle me ikkje då kunna vøra tradisjonen kring Obrestad med ein minnestein for kong Olav, serleg når tradisjonen får stønad av ein vitskapsmann som professor Koht?

Saka har vori føre i styret for Sør-Rogaland Ungdomslag, og ein var samd om å ta seg av denne oppgåva. Skal det verta eit minnesmerke som

kan vera Olav Trygvason sitt store namn verdig, må det leggjast arbeid på oppgåva, og me vil be alle ungdomslaga vera med i dette arbeidet.

Så kunne alle Sør-Rogalendingar møtast ein dag på Obrestad og vera

med og minnast vår fråge konge når steinen er reist — lat oss vona til neste sumar.

For Sør-Rogaland Ungdomslag

Torkell Norheim.

Songen i lagsarbeidet.

Alle kjenner kva for makt det ligg i god song, både den som blir framført av vidgjetne kunstnarar og store kor, og den kravlause songen i dagleglivet og samsongen i feststunder. Og at songen kan ha mykje å seia for eit godt lagsarbeid, er noko som er sjølv-sagt, men det kan vera nyttig å minna om det. Alle veit kva for liv og hygge han kan skapa, og kva for lys og glans han kan kasta over eit emne som ein talar har greidd ut om, og kva for stemning han kan kalla fram i ein festlyd.

Alle veit dette. Men lel må ein spørja: Blir songen nytta ut og brukt som han skulle på møte og festar i ungdomslaga? Er det ikkje ofte slik at det blir sunge så reint for lite og mest berre dei gamle tråvarane?

Lat oss sjå litt på dei krava ein må setja til songen i lagsarbeidet og den gleda ein kan ha av han.

Fyrst må ein nemna ei sers god side ved songen: Han gjer møtelyden *aktiv*, alle får vera med og yta sitt, dei er ikkje berre tilhøyrarar som sit og skal forast, men gjer sjølv litt for å gleda seg og dei andre.

Alle lag må ha songbøker. Utan tekst blir songen usikker og utan liv. Formannen og andre møteleiarar må

kjenna denne boka godt. Songar skal veljast med omhug. Skal festen eller møtet bli vellukka, er det sjølv-sagt at ein må ha alt fastsett og greitt på førehand, men det hender ikkje så sjeldan at ein har gløymt å velja ut gode songar, og så blir det å finna ut ein på slump i siste lita.

Ja, songen har i seg sjølv ei evne til å skapa fest. Nytt ut dette, ta med lyse, friske og kraftige ungdomssongar som alle vil syngja med glede og eldhug.

Songane må samsvara med grunn-tonen og karakteren som festen eller møtet har, dei må høva til dagen, årstida, eit serleg høve o.l. Og så må *talen* få sin rette bakgrunn og farge, gjennom song skal han få høveleg innleiing og slutning og avrunding, og møtelyden skal få syngja dei same tankane og kjenslene ut.

Ta stundom ein mindre kjend song med! Det friskar opp og vekker interesse. For å gjera innhaldet klårare, bør ein helst lesa opp teksten fyrst. Er tonen ukjend og, bør ein ikkje dra i veg og syngja utan vidare, det blir det ikkje noko ut av. Nei, gå igjennom melodien litt fyrst, spel ei line eller to føre på orgel og la møtelyden læra han.

Gløym ikkje å syngja ein del som

B R Y N E

Tannlækjar

KIRSTINA TAKLE

Bryne

Kontortid: 9—13 og 16—19

MATSTOVA

Bryne

Open frå 8 — 23

Middag frå 12 — 15

JONAS JØRSTAD

Bryne

Bokhandel — Papirhandel

Stort boklager:

Diktbøker • Spelstykker

Faglitteratur • Skulebøker

Kontor- og trykksaker

BRYNE

ALT

I

MANUFAKTUR

Asbjørn Haalands eftf.

OLAV LINE

Teiknekontor. Byggjeforretning

Bryne

Overrettssakfører

ØGLÆND

Bryne

PROSEDYRE • INKASSO

ORDNINGAR

Sal av eigedomar

*DET ER INGEN TING TIL Å
UNDRAST OVER at dei som viser
Rogalands-Ungdomen velvilje med
å lysa i bladet, også vert møtte
med velvilje av dei som les bladet.*

Fotografiapparat og Film.

Vanleg film og pankromatisk film av dei
beste merke.

Framkalling og kopiering.

JONAS JØRSTAD, BRYNE

Fotografisk forretning

Columbia og His Masters Voice grammofonplater.

Ny sending kvar veke.

●
ALT TIL HUSBYGGING

Brødrene Hetland

Eryne

Telefon 36

**Landbruksmaskinar — Støypegods
Radio og Elektriske varer.**



BRYNE

**JÆREN PRIVATBANK ^{A/S}
B R Y N E**

Utanom vanlege bankforretningar sel og kjøper vi innan- og utanlandske sjekkar og ordnar med inkasso på Jæren.

Leiger ut boksar i kvelvet

Skal De ha springvatn?

så kjøp

B. M. V. Automatisk Pumpeanlegg

Varer ein mannsalder • Går stilt • Brukar lite kraft
Treng minimalt tilsyn • Rimeleg pris

Norsk arbeid!

Bryne mek. Verksted ^{A/S} - Bryne

Brødrene Fjogstad
Sandnes

Lager av:
Høvla og uhøvla bygningsplankar
Høvla og uhøvla bord
Listverk og snikkarvyrke
Rundvyrke både i større og mindre dimensjonar
Papp • Skifer • Stift • Insulite

 Me leverer ferdige hus etter teikning.

PAUL HETLAND ^{A/S}
Telefon 448b SANDNES

Syklar
Sykkeldeler

Vølingar på dagen!

allsong heller, det er god og verdfull tidtrøyte. Men hugs at ikkje alle songar høver like godt til dette.

I det heile: Bruk så mykje song som råd er, men pass måten her som i alt anna! Trøytt ikkje folk ut heller. Og hugs på å velja ei tonehøgde så alle kan fylgja med, ikkje så høg at berre nokre få klarar å pina seg opp på dei høgste toppane, og ikkje så djup at tonen misser all glans og kraft (dette gjeld òg songen til folkeviseleiken). Songen skal vera verdig og vakker og fulltonande, skal ikkje skjemmast med skrik og breking.

Songar kan nyttast ut i programmet elles òg. Ein kan t. d. ha ein songkveld med små talar av medlemmer som har fått kvar sin song til emne (ein kan t. d. velja songar av ein viss diktar eller komponist eller med eit visst innhald (som songar om arbeidet)). Talareren gjev att innhaldet, talar kanskje litt meir om hovudtankane, fortel om dikteren og tonediktaren o. l. Til slutt

syng møtelyden songen, som no kanskje har vorti klårare og gildare enn før.

Spørsmålet om *kor*song vil eg ikkje gå inn på her, eg vil berre nemna at den må sjølv sagt aldri koma i *staden for* unison song men som eit gildt tillegg der det er høve til å få noko slikt.

Song dei meir i laga før enn no? Eg kan ikkje svara for visst på det, men av gamle referat kan ein sjå at dei før i tida visste å bruka songen i laget slik at han verkeleg var ei levande kraft i arbeidet. Det er truleg at *folkehøgskulen* lærte mange å bli glad i å syngja. Koss er det Bjørnson seier det med eit meisterleg knapt og råkande ordlag: «Imens de hører, tror og synger» —. Songen var ein viktig lekk i arbeidet, og songgleda tok dei med seg ut i livet seinare.

Eg trur det er noko å læra her for ungdomen og laga i dag.

Magnus J.

Trøyst i sams liding.

Herr *Einar Arne* har gjevi oss løyve til å prenta dette stykke or boka hans: «I rudningstider». Det kan ha ein viss aktualitet på våre kantar òg. —

«Dei snakkar um dansegalskapen og fyllefestane nokon kvar, og sume skriv med, men like lite tykkjest det hjelpa.

Slik er det *her i landet*.

Og i Danmark? Danske blad og danske møte handsamar problemet og fortel at tilstandet er beint fram kritisk. Der er offentlege og halvoffent-

lege festar utan tal, og ungdomen bilar frå ein til hin natti til endes, og gauking og smugling og slagsmål og fyll fyl trufast i fotefari med.

Slik er det *der i landet*.

Og eit gamalt ord segjer at det er trøyst i sams liding, — ei stund. *Sidan* kan det henda at tilstandet vert reine ålvoret for nokon kvar.

Og bladi fær det annvint med å «konstatere» både eitt og hitt. «Sikkert er det at kampen mot dansefestene nu føres på bred front. De nye og skjer-

pede lovbestemmelser gir et godt utgangspunkt. Justisdepartementet innskjerper dem, herredsstyrene debatterer dem, prestene kaster sig inn i kampen, pressen maner til handling, — og de ungdomslag som ennå ikke har danset bort alt alvor slutter sig til.»

Det er gledeleg alt, og me takkar for hjelpi. Men me *trur* lite på henne.

For oss — og «for de ungdomslag som ennå ikke har danset bort alt alvor» — er kampen *ikkje ny*. Me hev streva mot dansegalskapen i mange lange år, og fekk jamt høyra at me kunde ta oss noko likare til. Det måtte koma eit tilstand som den me *no* hev i bygdene våre, serleg på Austlandet, fyrr dei andre vakna. Og endå er dei langt frå *fremste* front.

Det kostar lite å gjeva «skjerpede lovbestemmelser». Det kostar lite for eit kontor å «innskjerpe» dei same fyresegnene i eit lite rundskriv. Og det kostar lite for eit heradstyre å «debattere». *Etter* møtet gjeng karane heimatt og læser seg inne attum sju lås. Dei er trøytt og treng kvila. Dei hev gjort sitt. Dei hev «debattert» og slege eit slag mot dansegalskapen.

Det kostar lite for ein prest å skriva eit harmdirrande innlegg i dagspressa. Det er ei helsesam utløyning for han sjølv. Det fører vågnad med seg, og innlegget hev visseleg *sin* misjon å gjera. Men strid på fremste front er det ikkje. Det kostar ikkje pressa stort å mana til handling heller, handling mot eit tilstand som noko av den same pressa hev ansvaret for gjennom sabotering av norsk rusdrykklovgjeving. Det *kostar* ikkje stort å mana til handling og difor *hjelper* det ikkje stort heller.

Fronten er ikkje i justisdepartementet, i pressa, i heradshuset. Medan vise menn hefter tid og tankar der, er *ungdomen* den same som fyrr, og dansen og drykken au. Medan bladi fortel ein annan at *no* er det gale, lyt andre taka støytane der striden røyntleg er.

Fronten er ein annan. Han er der nokre få i ungdomslaget tek på seg å vera politi på festen fordi lensmannen hev lagt seg og heradstyrekarane er trøytt. Han er der nokre få i laget streva lønlaust og takklaust med å halda arbeidsideali uppe mot ein ansvarslaus ungdomsflokk som ikkje visste betre. Han er der formannen einsam våga seg til å blåsa festen av og stengja dørene då fylla kom, endå han visste at dette kunde gå på helsa laus for han sjølv.

Fronten er der sume kveld etter kveld i år etter år streva med å skapa reinare leikeformer i ungdomsflokkane, streva med å få *songen* til å jaga ut dragspelet, fordi han er den einaste som kan det. Han er der sume sette heimehygge og kviletid og kveldsro til side for å hjelpa ungdomen til *sømeleg* leik, og fekk motbør frå dei som *no* fører det store ordet i pressa og manar til «handling». Sume fordømde. Andre flirde. Men baa vann det dei vilde: Å stengja for eit arbeid dei ikkje skyna og ikkje brydde seg um å gjera seg kjende med.

Me mismæter ikkje det som vert skrive. Me putlar og skriv sjølve av og til. Og alle som i ærleg alvor vil retta det range, skal ha takk og ære av oss.

Men dette er skrive for å peika på kvar den røyntlege stridsfronten er, um



7 Syklar

i alle prislag

D. B. S.

Den beste sykkel

Tempo

The World

Kamerat

og billigare merke

Tempo Lettvektsmotorsyklar
certifikat- og trygdefrie.

Katalogar vert sende gratis.

JONAS ØGLÆND

SANDNES

Norges største sykkelfabrikk

*Skal De
ha gjort noko
røyrleggjararbeid?*

Me monterer drikkekar
og automatiske pumper.
varme- og sanitærverk

Vølingar greier me snøgt
og rimelegt!

GUNNAR LARSEN

Aut. rørlegger

Telefon 490a

Gimregarden — rett op av Krossen

Sandnes

HØYLAND SPAREBANK

Oprettet 1858


Forvaltningskapital 12 506 952,00 kr. Eigen formue 1 454 585,00 kr.

Mottar innskot til høyeste rente.

Mat?

Gå til

Centralkafeen



**Moderne
automobilverksted**

◆ Komplette lager av deler

Olav Rieber Thorsen

Telefon nr. 99

SANDNES

Kjøp hjå
OLAV SAGLAND
 SANDNES

Sjokolade
Tobakk
Frukt

Dresser
Frakker
Kjoler
Kåper

JAKOB IDLAND
Krossen — Sandnes

Kjøp skotyret

hjá
Svend Svendsen
 Skotofabrikk - SANDNES

Bøker - Papir
 Fyllepennar - Film
Framkalling - Kopiering

Alle slag prentesaker
 God og vakker innbinding
 til rimeleg pris.

Ingvald Dahle
 Sandnes.

Vi fører det beste av
 Landbruksmaskinar og reidskap
 Vassleingsrøyr, omnar og kaminar

Rogaland Landbruksforretning A.s.
 Telefon 241b SANDNES

Allslag
reidskap for gardsdrifti

får De best og billegast

frå
Arnt Risa
 Maskinforretning · Sandnes

Hugs bryllaupssongen!

Skriv ein song til venen eller veninna
 Dykkar på bryllaupsdagen!
 Me mangfaldar alle slag songar for Dykk
 Kr. 4,00 for 50 stk., kr. 5,00 for 100 stk.
 Send tinging i tide!

Høyland Bok- og Papirhandel A.s.
 Gjesdalveien — SANDNES

Klær?

Gå til
Olav Norheim
 Sømmegården

nokon skulde vilja vera med der sjølve livet slær sine slag.

Det *kostar* meir enn å skriva. Det fyl vågnad med på so mange måtar. Men endå lyt liv og lære fylgjast um ein skal sjå frukter av strevet. Lettare vart aldri verdsens framgang skapt.»

◆ **Lagsmeldingar.**

Sør-Rogaland Ungdomslag. Båt-tur – leikeskeid.

25 mai hadde styret i Sør-Rogaland Ungdomslag møte på Figgjo. Ein gjorde då av at fylkeslaget skulle skipa til ein båttur i fyrste halvpart av august. Som turnemnd vart valde Bjarne Undheim, Johannes L. Fotland og Eilev Carlsen. Som mål for utferda vart nemnt Lysefjorden. Nemnda vil syta for at det vert rimeleg plass på båten, difor må dei som vil vera med melda seg i god tid når turen vert kunngjord.

Fylkeslaget vil søkja samarbeid med Vest-Agder Ungdomslag om eit kombinera lagsarbeids- og leike-skeid til hausten som venteleg vil verta haldi i søre luten av Rogaland. Til å ta seg av denne saka tok ein ut Kolbein Håland og Gerhard Birkeland.

Styret vart samde om at ein skulle be alle ungdomslaga vera med og arbeida for å få reist ein bauta for Olav Trygvason på Obrestad, der segna fortel og vitskapsmenn trur at kongen vart fødd.

Malmheim ungdomslag

hadde årsmøte og styremøte i fyrsten av januar 1939.

Til formann vart vald Olav K. Todnem og til varaformann Sven Th. Raugstad.

Me har som oftast hatt møte to gonger i månaden. På alle møta har det vore leik, og på fleire møte foredrag, opplesing og utluting.

På eit møte sytte Sør-Rogaland ungdomslag for programmet.

I april månad hadde me vitjing av nokre lagsfolk frå B.u.l. i Stavanger.

Frammøtet på møta har vore godt.

Laget har hatt 3 festar, og pinstiftan skal det vera leikefest.

Fyrste sundag i juni er det siste møtet i laget før sumarferien.

I vinter var det leikeøving i laget med Jon O. Austvoll til leiar.

Formannen.

Et arbeid som blir forsømt.

«I årevis har me høyrte dette snakket at den og den bygda er ferdig med målarbeidet. Når vedtaka er gjorde om å føra inn nynorsk i skule, kyrkje og bygdestyring, meiner dei alt er gjort.

Det er eit mistak. Då står oftast drygaste arbeidet att. Det er å få målskiftet i bygda gjennomført. Ein ting som har mykje å seia er bladlesnaden, serleg for ungdomen. Det er ikkje meining i at handelsmennene driv og sel magasin på bokmål i bygder som har vedteki målskifte. På slike stader burde handelsmannen sjølv mint skifte over til nynorsk bladsal.

No kan ein i mange bygder sjå bukkvindaugo heilt fylte med blad på

bokmål, endå bygda offisielt har skift mål. Slike handelsbuer i tenesta for bokmålet ser ut som demonstrasjon mot nynorsken. Målfolket i bygdene burde ta seg av dette og få ein snunad snarast.

På eit års tid har det kome kring 350 skulekrinsar over til nynorsk. Det er gilde meldingar som syner at folk ynskjer norsk stemneleid. Men det finst verkeleg eit par skulekrinsar i landet der dei no krev røysting med den tanken å få kasta nynorsken ut etter å ha nytta han i 10-12 år.

Korleis kan slikt ha seg?

Målfolket har gløymt å få bytt bladlesnad i bygda. Bladlesnad på bokmål tyner snøgt den nynorsken som blir lært i skulen. Og så finn dei gamle ut at bokmålet er det naturlege — for når ein les eit mål lenge nok, kjennest det til slutt naturleg, kor unaturleg det i røynda er.

Med nynorske blad i kvar manns hus skal nynorske sigrar tryggjast. Hugsar ikkje målfolket på å spreia nynorske blad no, kan mang ein siger venda seg til usiger til slutt. Den store framskuven som målfolket no held på med må fylgjast av sterkt arbeid på å byggja ut attom frontlina. Det viktigaste då er å få nynorsk lesnad inn i alle heimar,» skriv *Kr. Sælid*, skrivaren åt N. ul. i Norsk Tidend.

Sumartid —

Stemner —

Turar —

Før me veit ordet av det er me midt i sumaren komne. Rett nok har det haldi seg heller kaldt til dessar. Men stort sett kan me ikkje klaga på

det me til vanleg — eller helst til sundags då — kallar fint ver.

Det innandørs lagsarbeidet er venteleg slutt alt for lenge sidan. Og lagsfolk i bygd og by kvilar hugane til det atter mørknar om kveldane.

Ei fritid sumarsbel slik er godt på mange måtar. Kveldane og gjentene og heile tilværet vert for ljost til strev og kjekl innan fire vegger. Så dei «store sakene» lyt nok fint få lov å liggja der dei er til så lenge. Dessutan krev det materielle arbeidet ute så mykje tid at det lite og inkje vert att til meir åndelege idrottar. — Elles bør ein ha ein og annan sundagen fri til ferder og samkome av ymse slag. Det gjer godt å koma ut ein grand, sjå ei onnor natur, læra andre menneske å kjenna og dermed få nye impulsar. Det får ein alt saman rikeleg høve til på alle dei gilde stemnene som vert tilskipa no utetter sumaren.

Lat oss fyrst og fremst nemna vår eiga stemna i Sandnes no komande sundag, 11 juni. Det vert visseleg den største og best tilskipa ungdomstemna me nokorsinne har hatt her i Rogaland. Me viser til programmet annan stad her i bladet. Vel møtt i Sandnes!

Stor-stemna og årsmøtet åt Noregs ungdomslag på Nordfjordeid 29 juni vert utan tvil gildare enn på lenge. Programmet for stemna, med utferder og mykje gildt, ser lovande ut. Serleg brennande saker skulle ikkje nett vera på saklista. Lagsbruksskatten er vonleg komen i så fjerre godt gjenge no at nokon strid om den burde det ikkje verta. Det måtte difor vera god von om eit fredelig møte, men samstundes ei frisk samkoma som sømer seg vaksen ungdom frå heile landet.

B.u.l. har valt Kari Arnestad Meland, Guri Ånestad, Gyda Reed og Otto Hiim til utsendingar. Dessutan skal eit par av leikarringen vera sterkt freista til å slå fylgje. Og sant er det at ein tur dit opp no i fagraste sumaren måtte verta ei *oppleving*, som ei bra dame plar seia.

I *Stockholm* skal det vera stor *internasjonal* dansarstemna fyrste dagane i august. Svenskane er namngjetne som vertar, så me spår fest i mange dagar til endes for dei som der kjem. Etter det me kjenner til kjem i alle høve ei gjente frå oss i B.u.l. til å fara dit. Det er dei staute svenske «drängene» som dreg, må vita. —

Som ein ser: Nok er det å velja mellom for reisehuga ungdom. Turar og stemner som kan verta minne for livet.

På den andre sida skal me ikkje mismæta vårt eige heller. Rogalands-natura — med fagre fjordar og vide heiar og vidder — ligg og lokkar. Det er visseleg mange enno som ikkje har fari over alt. Difor ungdom! Sjå ditt eige fylke! Nytt frisundagen til ein fjelltur. Ein kan koma rett langt i veg på halvannen dag. Du vil ikkje tru kor lett og fri ein kjenner seg ein solskinsdag på fjellet, fri for dumba og bensinos.

Men denne epistelen ynskjer me alle lagsfolk i Sør-Rogaland ungdomslag og Bondeungdomslaget ein retteleg god og gild sumar!





SOMA

ved Filmteatret

Forlovelsesringer

Billigste priser!

Største utvalg

*Frukt
Tobakk
Cigarar*

Alltid gode varor

OLAV HAMRE

Telefon 3440

Nytorget 5

Kåpe- og Kjolesøm

utføres

Nelly Husebø

Telefon 4232

Laugmandsgata 4

**Kjøp BØKER
OG
PAPIR**

i NYGATEN 2
øverste hjørnehus

K. OPSANGER

BOKHANDEL ◀ PAPIRFORRETNING

ANDVAKE Det går framleies godt og jamt framover med Andvake. Målfolket i Rogaland som andre stader i landet, bør difor samla seg um Andvake når det gjeld alle former for livstrygding.

Umbodsmenn i Stavanger:

lærer Magnus Vaage, Wesselsgt. 32
skuleinspektør Øystein Eskeland
frk. Gunhild Bjerkreim, Suldalsgt. 12
kontormann L. Torgersen, Kampenegt. 4
gartnar Sverre Steinsvoll, Paradis 76
forretningsfører Ingvaldstad, Brønngt. 28

Det er venteleg tenleg for Dykk å høyra med ein av dei fyrr De tek avgjerd um livstrygding.

Frue Meieri

Norges største meieri.

Overrettssakførarane
Ueland og Våland
Stavanger

Stavanger
Colonialforretning

har byens beste
brendte kaffe

VAALAND
DAMPBAKERI
(G. Sønneland)

Musegaten 46 — Telefon 1810f
Utsalg:
Skolegaten 17 — Telefon 3520

A. Mauland A/s
Klostergården - Telef. 2645

Elektrisk Forretning
Radioapparater

 KILOWATT

Engelsmindegaten 15 - Telefon 311
Lars Bø

Elektrisk
installasjonsforretning

Ingi gáva

pryder

som blomar frå

Blomsterhallen

Belysningskunst



Cicelør - Verkstad Helandsgt. 45

Ingeleiv Eikeland
Syforretning

Kyrkjegt. 18 - Telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid!
Rimelege prisar og
alt i nyaste snitt.

Program

for Ungdomsstemna i Sandnes 11 juni,
skipa til av Sør-Rogaland Ungdomslag, Nord-Rogaland Ungdomslag
og Bondeungdomslaget i Stavanger.

Kl. 10,30 Høgmesse i Sandnes kyrkje ved rektor Håkon Wergeland.

Kl. 13,30 Friluftsmøte i Sandve-parken.

Sverre Sigurdsons Musikkorps spelar. Prolog.

Framsyning av eit tingmøte frå saga-tida. (Manuskript serskilt skrivi for stemna.)

Rektor *Wergeland* talar om «Krig og Kristendom».

Turnframsyning (4 av dei fremste Sauda-turnarane).

Mannskoret *Norden*. Framsyning av barneleikarar.

Marsj og leik på grasvollen.

Inngangspengar 1 krone.

Kl. 18 Skodespelframsyningar i Goodtemplarhuset og i Turnhallen.

Inngangspengar 1 krone.

Kl. 20 Friluftsfest på Utstillingsplassen.

Mannskoret *Norden*. Cand. mag. *Eldar Molaug* talar.

Leikeframsyning, springdans, fakkeldans.

Deklamasjon, skjemt og viser av lærar Måland, Olav Stangeland o.fl.

Leik og folkedans på dansartile. Musikk. Fyrverkeri.

Inngangspengar 1 krone.

Ein gjer merksam på at stemnefolket må vera framme i god tid føre dei ymse nemnde klokketider, då ein av omsyn til det store programmet må byrja heilt presis. Det vert ikkje selt mat på stemna.

*Lag det slik at du denne dagen kan vera i Sandnes når
Stemneprogrammet byrjar med gudsteneste i Sandnes-kyrkja.*

„Festmøte” og Sumardrøs på UDLANDHAUG

Det har vorti til litt av ein tradisjon å ha siste lagsmøtet i B.u.l. føre sumarferien anten på Hafsrø eller på Udlandhaug. I år var det på den sistnemnde staden.

Lagsfolka likar å koma seg ut litt såleis. Det smakar ein grand av fest med ein liten tur utav byen, kaffi og mat når ein er framkomne og så drøs i det vide og breie om kor framifrå vel ein skal nytta ut den ljose årstida som kjem.

Slik var det denne gongen og. Mykje godt mange hadde teki seg på tak opp Udlandhaugbakkane, så då alle skulle inn i tårn-halla er det berre mildt sagt at huset var overfylt. Det var god stemning over kaffikoppene, og det var no ikkje berre *sumar-drøs* som vart avlevert. — Formannen kom berre så vidt til ords eit par gonger. Og då hadde han bedi så lenge om ordet at han var hås i røysta.

Det hadde gått fråsegner om at Bondeguten ville ha eit ord med i laget denne kvelden. Og så snart det spurdest at *han* ville seia noko, vart det stilt som i grava. Det var likt til at folk venta på sensasjon. — *Den* kom ikkje. Men elles var Bondeguten både grei og tankefull ved raudrussen *Haugstad*.

Som sagt: Folk ville *drøsa*. Så då Bondeguten vel var tagna bar det atter laust med totet. Det var om ein skulle ha utferd eller ei. Sume ville med båt, andre med buss — nokre meinte Hunnadalene var rette plassen, andre fekk vondt berre dei tenkte tanken til endes. Hadde det ikkje vori det at husspørsmålet på Hafsrø såg så løyst ut, er det uvisst korleis kvelden ville ha enda. — Men lovnaden om ny, flott hytte på utferdsstaden kunne svala dei heitaste hugane, såg det ut til.

Før me gjekk heimover att, med ei kjensle av at det var nedsett ei nemnd til å greia ut med turspørsmålet, og at dette kombinerte fest- og drøsemøtet hadde vori meir enn vanleg vellukka, samlast me alle utanføre Udlandhaugtårnet. Himmelen var raudfarga i nord etter solarglad, klårt og fint var det. Våren hadde teki inn lan-

det. — *Kunne* me anna enn syngja Carborg si hymne til Jæren: «Det stig av hav eit alvland».

J. H.

Kven bør då gje seg?

«Orkmannen» skriv:

Kven var det som byrja med målstrid i Noreg? Det var dei danske embetsmennene og andre som førde inn dansk mål i styring og forretningsliv. Sidan har her vore strid mellom norsk og dansk mål. Kven bør då gje seg i denne striden?



Siden 1879:
Den beste
plog
som har gått
i norsk jord.

Kverneland


Plogane våre har i ein mannsalder merkt seg ut med lett og stø gang, traustleik og ein uvanleg slitestyrke.

Berre det beste er godt nok. — Kjøp Kverneland sine plogar!

Kvernelands Fabrik
Kverneland

BJ. KVERNELAND - 1927.

STAVANGER



*På kjøretøiet
skal storfolk kjennes. Kjør*

MASKINHUSET A/S

Bredgt. 9, Stavanger

Største utvalg i
Spaser-, Sports-
og Arbeids . . .

Skotøi

Dame, herre og barn i alle prislag.

Landets beste fabrikker

Yderst lave priser

Best - billigst.

En detail- en gros

O. THORSNÆS

STAVANGER

KIRKEGATEN 42

TELEFON 3690

A. IDSØE

Telefon . . 102 - 458

Rikstelefon 3020 - 3089

*Byens største Kjøtt-
og Pølseforretning*

Etablert 1828

Parafin
hengelampor

Elektriske
ljosekronor

J. ØSTEBØ

STAVANGER

Verksgt. 2 - Telefon 1875

Steinty

Postelin

Glasvaror

En gros - En detail

ALT I

HEILNORSK GARN

Rogalandsgarn • Tvinngarn • Glitregarn • Gretegarn

Norgesgarn • Plantef. garn • Slumregarn

ROGALANDS ULLVARELAG
BREDGATA 16

Godt drikka!

Løna med fleire medaljor



Hjå meg kann De få kjøpa

BRUS • SELTERS • FARRIS

SØT OG SUR SAFT • EPLESAFT

VYRTERØL • IDUN EDDIK OG SENEP

GUNNAR LØVIK

Kongsgata 36 - Telefonar 727k, 228



**Garantien for
god margarin!**



A/S MARGARINCENTRALEN